

Kr 20

Padleløyper i Lindås

Padleturar i Lindås

Lindås kommune har ei rekkje flotte saltvasspollar og vassdrag som er godt eigna for padling. Vassvegane har frå gammalt av vore nytta av folk til transport, og fleire plassar er det spor etter gamal ferdsle. Lindås slusene er dei mest kjende og er eit av tre innløp til Lindåspollane med dei tre bassenga Straumsosen, Spjeldnesosen og Fjellangervågen. Innløpa er smale og tidevasstraumane kan vera lumске. I 1908 stod sjøslusa ved Spjøtyøy ferdig slik at rutebåten slapp og vente ved "Pinebenken" for å ta seg inn i pollane. Slusa er ei av to sjøslusar i Noreg og var i drift fram til 1963. Lindås kommune arbeidar med å restaurera slusa og setja henne i drift att. Dette vil betra tryggleiken for båtfolk og padlarar som vil inn i dei flotte friluftsområda i Lindåspollane.

Øuka trafikk av folk som vil oppleva dette flotte området gjer at det etterkvart er naudsynt med enkel tilrettelegging for å gje folk eit betre tilbod. I samråd med nokre av grunneigarane har Friluftsrådet difor tilrettelagt rasteplasser for padlarar og andre som nyttar området.



Padling gjennom Lindåsslusene

Rasteplassane er enkelt tilrettelagt med teltplass og bålplass. Rasteplassen på Marås har i tillegg gapahuk og toalett. Rasteplassane er merka med eit teltsymbol i kartet. Gode utgangspunkt for å setje ut kano eller kajakk er Vågseidet, Risa eller Lindås brygge. Her er det også råd å setja frå seg bilen. Ta kontakt med resepsjonen om du ønskjer å parkere ved Lindås brygge. Skal du padla i vassdraga er Hundvensvatnet, eller Vikavatnet eit godt utgangspunkt. Parker ved Bruvoll camping.

Fleire av dei gamle dra-plassane mellom ferskvatn og frå ferskvatn og til sjø kan enno nyttast av padlarar. Friluftsrådet foreslår fire ulike padleruter i pollane og vassdraga. Dei ulike rutene kan slåast saman slik at det er råd å padla ein tur på ei veke. Det er og mogeleg å padla gjennom heile området frå Eikanger i sør til Vabø i nord. For dei fleste er det gjerne mest interessant, enten å leggje turen til Lindåspollane eller Hundvensvatnet og Storavatnet.



Lindås brygge er eit godt utgangspunkt for padleturar i Lindåspollane

Padleløype 1.

Spjeldnesosen-Kvalvågenes

Med Lindås brygge som startpunkt padle inn Lindåsosane til rasteplassen på Marås eller Trælandsvågen til Kvernhusholmen. Herifrå vidare nordover på innsida av Langøy og Bjørnøy og rundt Onestangen. På Bårdnesholmen er det tilrettelagt med rasteplass. Padle vidare inn vågen mot Kvalvåg. Kvalvågen har mange flotte vikar og fine plasser og raste. Halvegs inn vågen er det tilrettelagt for telting på Sviddarneset. I Kvalvågenes friluftsområde (Straumsneset) er det områder egna for telting.

Padleløype 1 kan slåast saman med løype 2, Spjeldnesosen-Risasjøen med retur til Lindås brygge eller til Vågseidet. Kombinasjon av løype 1 og 2 kan padlast med ei eller to overnattingar med kajakk. Med kano bør ein rekna meir tid, det er ikkje problem å fylle fire dagar eller meir om ein ønskjer det. Ta omsyn til straum og verforhold når du legg ut. I Straumsosen og Spjeldnesosen kan det være friskt om vinden auker på.



Padling i Spjeldnesosen. Foto: Torill Refsdal-Aase

1 Marås



Rasteplassen ligg sør for Spjeldneset i Lindåsosane. Plass til to telt. Gapahuk med benker. Ilandstiging med kano eller kajakk på svaberget kan være vanskeleg om det er bølger med vind frå sørvest. Ikkje vatn.

2 Kvernhusholmen



Rasteplassen ligg sør i Trælandsvågen på nordsida av øya. Plass til to telt. Ikkje vatn. Enkel og skjerma ilandstigning på svaberget.



Lindåsslusene med Spjotøy, Sluseholmen og Straumøy (Frå nedre til øvre kant i biletet). Foto: Helge Sunde

3 Bårdnesholmen



Rasteplassen ligg på ein liten holme sør i Straumsosen. Plass til to telt. Ikkje vatn. Enkel ilandstiging.

4 Sviddarneset



Rasteplassen ligg lett synleg inn Kvalvågen. Plass til to telt. Ilandstiging på svaberg.

Padleløype 2.

Spjeldnesosen-Risasjøen

Frå Lindåspollane kan du velje fleire ruter hvis du vil nordover mot Risasjøen. Vestre rute går enten gjennom slusene ved Spjotøy eller løpet vest for slusene og Straumøy. Løpet vest for slusene, mellom Sluseholmen og Straumøy, er best for padlarar (ruteforslag merka på kart). Her er det grunt og løpet er difor mindre utsett for båttrafikk. Padlar du gjennom straumen ver varsam med tanke på straumane. Omlag 2,5 timar etter offisiell tid for flo og fjære (sjå avisane) er straumane rolege. Om det er for mykje straum er det og lett og bera kanoen eller kajakken over land ved slusene. Padle vidare gjennom det svært smale sundet mellom Dragøy og Spjotøy. Vidare er det fleire alternativ, til dømes mellom Ådnøy og Risøy og attende gjennom Risøystraumen. Det kan vere sterk straum i Risøystraumen. Friluftsrådet har avtale for to rasteplasser i området, Lauvøy og Midthagen. Midthagen høver best til overnatting, avhengig av vindretning. Her er det lettast å gå i land frå nordsida. Vidare padle gjennom Veråsstraumen og inn i Straumsosen og Spjeldnesosen til Lindås brygge. Ver merksam på sterk straum i Veråsstraumen, men det er råd å bera kanoen over veggen på venstre side.



Padling gjennom slusene

5 Lauvøy



Rasteplassen ligg i ei lita vik sør på Lauvøy. Langgrunn sandstrand gjer at det er lett å ta seg inn med kajakk. Område med gamal kulturmark planta til med gran. Det er plass til eit telt i forkant. Ikkje vatn.

6 Midthagen



Rasteplassen ligg sør på Risøya ved ein liten saltvasspoll. Naturleg flatt område som er eigna for telting. Det er plass for to telt. Lett ilandstiging frå kajakk på svaberg. Ikkje vatn. Straumen mellom Lauvøy og Risøy kan padlast på flo sjø.

Padleløype 3. Lindås- Ådnøy i Austfjorden

Igjen er Lindås brygge eller Vågseidet eit greit utgangspunkt. Padle gjennom Haukåsstraumen via rasteplass i Bordvika til Vågseidet. Her i frå er det lett å bera kanoen langs veg forbi reinseanlegg til Eidsvatnet. Det kan vera vanskeleg å krysse hovudvegen om det er mykje trafikk. Mellom Eidsvatnet og Austrevatnet er det enkelt å dra kanoen. Vidare, padle nordover i Austrevatnet ned bekken til Langavatnet. Det kan vere vanskeleg å kome gjennom ved låg vasstand. I sørenden av Langavatnet er det rasteplass. Padle vidare i Langavatnet og ta venstre løp i bekken ned til sjøen. Kanoen må berast eller dragast det meste av bekken ned til sjøen. I sjø kan du padle til Låtrebogane ved Vabø. Her er det mange plasser som er eigna for telting. Eller padle vidare nordover gjennom idylliske smale sund på innsida av Langøy.



Frå Langavatnet må kanoen dragast eller berast ned til sjøen ved Vabø. Foto: Ole Arntzen

7 Bordvika



Rasteplassen ligg aust i Fjellangervågen. Enkel ilandstiging på svaberg. Bål plass og plass for to telt. Vatn frå bekk like ved.

8 Langavatnet



Rasteplassen ligg sør i Langavatnet. Lett ilandstiging til høgre i ei lita bukt. Det kan vera vanskeleg å finna ein flat plass til telt.

Padleløype 4. Trælandsvågen- Hundvensvatnet-Storavatnet

Frå nordre enden av Hundvensvatnet eller Hundven bru, padle sørover og dra kanoen over eidet mot aust, til Storavatnet. Draløypa er skilta med kanosymbol. Padle sørover i Storavatnet til Søreide der det er kort bæring til Myrketjønna og Tveitavatnet. Nordre del av Storavatn har fine bukter som kan nyttast til rasting og telting. Det er få tilrettelagte rasteplasser i vassdraga, vis difor særskilt omsyn ved telting og rasting. Kontakt grunneigar om du ynskjer å telte i meir enn to døgn. Søre del av Storavatnet er drikkevatt og det er difor forbod mot telting, bading og rasting. Frå Tveitavatnet padla vidare nordover over Midtvatnet til Vikavatnet. Her er det mogeleg å dra kanoen på kjerreveg attende til Storavatnet med overgang attende til Hundvensvatnet.

Frå Tveitavatnet kan ein og padla vidare i Heggernesvatnet til Høyland bru og Høylandsstemma. Her må kanoen over land eit lite stykke før turen kan fortsetja gjennom vassdraget til Liavatnet ved Eikangervåg og padleturen kan fortsetja ut i Osterfjorden.

Med utgangspunkt fra Vågseidet eller Lindås brygge, kan du padla inn Trælandsvågen (Løype 1) og bera kanoen over til Nykkvatnet og Hundvensvatnet. Det er omlag 800 m frå Trælandsvågen til Nykkvatnet. Draløypa er ikkje tilrettelagt.

9 Hundvensvtn.

Rasteplassen ligg nord i Hundvensvatn. Enkel ilandstigning. Sti til Bruvoll Camping.

10 Tveitavatnet

Rasteplassen ligg nord i Tveitavatnet. Enkel ilandstigning. Kjerreveg til Seli og Grovi.



Hundvensvatnet og Storavatnet er perfekt til dagstur eller helgetur med kano. Foto: Helge Sunde.

Allemannsretten

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 – 20.8. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lagar bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp. Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.

Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.

Jakt og fiske i ferskvatn og vassdrag inngår ikkje i allemannsretten.

Retten ligg hjå grunneigar som må gje løyve. Fiskekort kan kjøpast lokalt og fiskeavgift til staten må vera betalt.



Når du padlar i vassdag og pollar, vis omsyn til hekkande fugl

Natur og dyreliv

Området i og rundt Lindåspollane har variert flora og fauna, både over og under vatn. Eit godt næringsgrunnlag frå fisk, skjel og plantar i pollane gjer at det er mange fugleartar både ved sjø og vassdrag. Det er gode sjansar for å sjå dei vanlegaste sjøfuglane, som ulike måsefuglar, andefuglar, gås, terne, skarv, tjeld og heger. Flokkar med ærfugl samlar seg ofte i osane for å beita på skjel, og er du heldig ser du og havørn i området. Går du inn i terrenget finn du mykje hjortespor. Fuglane er særleg sårbare i hekketida, vår og tidleg sommar. Vert dei uroa og må forlate reiret kan egg og ungar døy på grunn av for sterk nedkjøling eller oppvarming. Med kajakk og kano er det råd og komme nær inn på fuglane og det er difor spesielt viktig å visa omsyn. Nokre av dei viktigaste hekkplassane ved sjø er verna som sjøfuglreservat. Desse er merka på kartet og reservata har ferdselsforbod i tida 15. april til og med 31. juli. Ferdselsforbodet gjeld på land og i ei sone 50 m ut i sjøen.

Meir informasjon

Turistinformasjon

Nordhordland Reiselivslag, tlf. 56 35 16 01

www.visitNordhordland.no

Overnatting

Westland Hotel, Lindås, www.westlandhotel.no, tlf. 56 34 21 00

Lindås brygge, Lindås, www.lindaasbrygge.no, tlf. 56 36 09 99

Bruvoll Camping og hytter, Vågseidet, www.bruvoll-camping.no, tlf. 56 36 35 25

Grafisk feriesenter, Kvalvågnes, tlf. 55 55 94 20/977 78 890

Fotturar

Nordhordland Turlag, www.nordhordland-turlag.com

Bergen Turlag, tlf. 55 33 58 10, www.bergen-turlag.no

Padleorganisasjonar

Bergens-studentane si padlegruppe (BSI), www.bsi.no/padling

Norges padleforbund, tlf. 21 02 98 35, www.padling.no

Anna friluftsinformasjon

Lindås kommune, tlf. 56 35 65 00, www.lindas.kommune.no

Fylkesmannens miljøvernavdeling, tlf. 55 57 20 00

www.fylkesmannen.no/hordaland

Fylkeskommunen, tlf. 55 23 90 00,

www.hordaland-f.kommune.no

Turistinformasjonen i Bergen, tlf. 55 55 20 00



Bergen og Omland Friluftsråd, tlf. 55 39 29 50,
Nettsider: www.bof.no. E-post: firmapost@bof.no